

---

Saksnr: 2020/48379-7  
Saksbehandlar: Nils Egil Vetlesand

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkesutvalet		18.06.2020
Fylkestinget		29.09.2020

**Godkjenning av prosjektrekneskap Årstad vidaregåande skule**

Forslag til innstilling:

Fylkestinget godkjenner prosjektrekneskap for tilbygg/rehabilitering ved Årstad vidaregåande skule i samsvar med tilråding frå Kontrollutvalet.

Samandrag

Prosjektrekneskap for tilbygg/rehabilitering ved Årstad vidaregåande skule er lagt fram. Rekneskapen viser avvik på vel 1 mill. kr eller 0,15%. Fylkesrådmannen tilrår at prosjektrekneskapen vert godkjent.

Rune Haugsdal  
Fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
Fylkesdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Prosjektrekneskap for tilbygg/rehabilitering ved Årstad vidaregåande skule er handsama i Kontrollutvalet.

Vedtakskompetanse

Fylkestinget har vedtakskompetanse ettersom løyvinga til prosjektet er gjeve av fylkestinget.

Vurderingar og verknader

Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune handsama i møte 25. november 2019 prosjektrekneskap for tilbygg/rehabilitering ved Årstad vidaregåande skule.

Kontrollutvalet gav slik uttale:

1. Kontrollutvalet viser til konklusjon frå Deloitte, der det går fram at prosjektrekneskapen i det alt vesentlege er utarbeidd i samsvar med grunnlaget for rekneskapsavlegginga.
2. Utvalet har merka seg at det har teke 4 år sidan siste løyving vart gjeve og fram til prosjektrekneskapen ligg føre til politisk handsaming.
3. Kontrollutvalet oppmoder fylkesrådmannen å vurdere om rutineane på dette området er gode og dekkande nok.
4. Utvalet ber Deloitte heretter levere revisjonsmeldingar på nynorsk som er Vestland fylkeskommune sitt administrasjonsspråk.

Det går fram av vedlegga at det har kome årlege løyvingar til dette prosjektet i budsjetta i perioden 2007 - 2014. I og med at løyvingane har gått over så mange år er det vanskeleg å måle prosjektkostnaden mot ei samla kostnadsramme. Fylkesrådmannen viser til det som er nemnt om at totalkostnaden med det vart høgare enn opphavleg stipulert. Kostnaden pr. kvadratmeter er likevel ikkje vesentleg høgare enn det ein kan vente i rehabiliteringsprosjekt.

Fylkesrådmannen tilrår at prosjektrekneskapen vert godkjent med nettokostnad på 652,5 mill. kr. Meirforbruket er 1 mill. kr eller eit avvik på 0,15%.

**Økonomi:** Ikkje relevant

**Klima:** Ikkje relevant

**Folkehelse:** Ikkje relevant

**Regional planstrategi:** Ikkje relevant

Konklusjon

Fylkesrådmannen tilrår at prosjektrekneskapen vert godkjent.